

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 17/9379-1

Forvaltningsrevisjon - Reiseliv - bestilling

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet godkjenner bestillinga slik den ligg føre.
2. Kontrollutvalet ber om at bestillinga vert sendt til Deloitte AS

Vedlegg:

- Bestilling av forvaltningsrevisjon - Reiseliv

Andre relevante dokument i saka:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Fylkestinget vedtok 18. oktober 2016 plan for forvaltningsrevisjon 2016 - 2020 i FT-sak 41/2016.

Forvaltningsrevisjon av det første prosjektet i planen – Arkiv og offentlegheit – vedtok kontrollutvalet å bestille 22. november i fjor. Dette prosjektet vart ferdig i midten av mai 2017. Kontrollutvalet handsama rapporten 30 mai og vedtok ei tilråding til fylkestinget, som fylkestinget vedtok 13. juni.

Det andre prosjektet i planen – Oppfølgingstenesta inkl. helse- og miljøretta tiltak i skulen – vart bestemt utsatt inntil vidare. Bakgrunn for dette er at opplæringsavdelinga arbeider med ei omlegging/oppfølging av OT-tenesta.

Det tredje prosjektet «Innkjøp» vart bestilt 7. februar i KU-sak 4/17. Rapport vart levert 27. november.

Musea i Sogn og Fjordane er 4. prosjekt i planen. Dette prosjektet vedtok kontrollutvalet å bestille 28. mars i KU-sak 14/2017. Prosjektet var planlagt ferdig 3. november for handsaming i kontrollutvalet 21. november. Revisor har meldt om forseinkingar i prosjektet på grunn av vanskar med å få gjennomført intervju i rett tid. Dette prosjektet vert ferdig på nyåret 2018.

Etter dette valde utvalet å bestille eit prosjekt innan opplæring og valet vart på karriererettleiing i vidaregåande skule, som vart vedteke bestilt i KU-møte 26. september.

I møte 21. november diskuterte utvalet neste prosjekt, og kom fram til at Reiseliv var det mest aktuelle. Utvalet ba kontrollsjef utarbeide bestilling til neste kontrollutvalsmøte.

2. Vurderingar og konsekvensar

Det er utarbeidd bestilling til forvaltningsrevisjon av reiseliv. Bestillinga, og då spesielt føremålet med bestillinga og problemstillingane som er utarbeidd, er diskutert med tilsette i Kultur- og næringsavdelinga. Dette er med på å sikre at vi får utarbeidd ei relevant bestilling, slik at kontrollutvalet, og med det, fylkestinget får svar på dei spørsmål som er viktige i denne samanheng.

Revisor vert i bestillingsdokumentet bedt om å utarbeide prosjektplan på grunnlag av bestillingsdokumentet. Prosjektplanen må utarbeidast og sendast til kontrollutvalet v/kontrollsjef innan 1. februar 2018. Handsaming av prosjektplan vert då i kontrollutvalsmøte 20. februar.

3. Konklusjon

Kontrollutvalet blir bedt om å vurdere utkastet til bestilling som er lagt fram. Vedteke bestillingsdokument vil bli sendt revisor i etterkant av møtet i kontrollutvalet.